



Thomas M. Heggøy mottar bronsemedaljen under NM i Haugesund i helga.

To lovande friidrettsutøvarar med Uskedalstilknytning vann bronse i NM i friidrett innandørs i Haugesund i helga. Thomas Myklebust Heggøy som mange kjenner frå Rabben Feriesenter, hadde berre to konkurrentar føre seg i mål på 800 m, medan Ingar Kiplesund, med mormor på Haugland, fekk same plassering i lengdehoppkonkurransen.

Thomas Myklebust Heggøy, Gular sette ny innandørspers då han vart nr.3 på 800 m med 1.54.90. Noregsmeister på distansen vart Markus Einan frå Ull/Kisa som deltok i EM sist sesong. Han leverte eit kjempeløp og suste inn til den sterke tida 1.48.90 og var klart best av dei 14 deltakarane.

Ingar Kiplesund, Trondheim, fekk også bronsemedalje då han hoppa 7,39 m i lengde i femte omgang. Vinnar i denne øvinga vart Henrik Flåtnes frå Tønsberg med eit bestehopp på 7,56 m.



Ingar Kiplesund på besøk hos mormor Margot Haugland. I helga vann hann bronse i NM.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Tove Myklebust Heggøy og Thor Inge Døssland(arkivfoto)